



Brazzooka spelar i Rosendal i dag.

I dag har samfunnshuset i Rosendal vore omskapt til musikkstudio.

Suksessbandet Brazzooka som består av 3 frå Uskedalen, 2 frå Stord og 4 frå Rosendal har spela inn ein musikkvideo med 4 låtar som blir rundt eit kvarter lang og som verkeleg får det til å rykkja i gamle jazzføter.

Selskapet KIB Media frå Haugesund har hatt jobben - med god lokal hjelp - og videoen blir klar før påske..



[Karl Ivar Bjørnsen bak kameraet, lydekspert Lars Storegjerde bak.](#)

Brazzooka vart unnfanga så seint som innunder jul i 2009 og kven skulle ha trudd det når ein høyrer kva dei 8 gutane og den eine jenta presterer i dag. Dei har gjort digre musikalske steg framover innan sjangaren som dei sjølve kallar opprørsjazz (riot jazz) og som kan romma så mangt. Den rommar til og med sjølvskrivne låtar og ein som leiar Sebastian Lamberg Torjusen har komponert og kalt Short Rock blir å høyra på videoen.



[Vegard Døssland, Anders Bennæs og Sebastian Torjusen i aksjon.](#)

Men videoen blir ikkje til sals på den opne marknaden. Produksjonen har eit dobbelt siktemål: Den skal inspirera andre band og korps, ikkje minst skulekorps, til å laga noko liknande. Den er også retta mot bedrifter. Og den blir sjølvstøtt lagt ut på nettet.

- Videoen skal vera ein kombinasjon av god film og god musikk, seier far og sponsor Kjell Fylkesnes frå Stord.

Han er ein av fleire krumtappar i det som har vorte eit 'AS Brazzooka'.

Også familien Døssland og familien Torjusen må nemnast, likeeins lydekspert Lars Storegjerde.

KIB Media opererer tildels med millionprosjekt, til dømes knalldyre helikopterjobbar. Det er difor all grunn til å undra seg over at eit band som Brazzooka, som i stor grad er eit foreldrestøtta foretak, har råd til ein slik satsing. Men forklåringa er enkel:

Selskapet, som blir leia av Karl Ivar Bjørnsen, har vorte så imponert over bandet at dei gjerne vil bidra til suksessen.

Dei forlangar berre ein symbolsk sum!

Bjørnsen opna jobben i går med nokre formanande ord: Tenk ikkje på at vi er der. Sjå ikkje inn i kameraet. Ikkje flakk med blikket. Hald energien oppe! Og såvidt vi kunne sjå hadde ikkje musikarane problem med å halda seg til råda,

Produksjonen vil også innehalda glimt av eit begeistra publikum. 170 frå Malmanger skule møtte i Samfunshuset og spela den rolla. Dei blir klypt inn etterpå.

Dette er dei 9 musikarane som er frå 13 til 20 år og som no har ei lang oppdragsliste:

:

Elisabet Nonås Fylkesnes (Stord, trompet),
Alf Erik Nonås Fylkesnes (Stord, perkusjon)
Vegard Døssland (Uskedalen, trompet)
Sebastian Lamberg Torjusen (Rosendal, sousafon)
Marius Lamberg Torjusen (Rosendal, marching baritone)
Sindre Aksnes (Uskedalen, perkusjon)
Bjørn Naterstad (Uskedalen, trombone)
Tobias Lamberg Torjusen (Rosendal, trombone)
Anders Bennæs (Rosendal, trompet)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Engasjerte fedre: Kjell Fylkesnes og Thor Inge Døssland